



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1633 - 19/26802

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.09.2019

Oversending av vedtak om dispensasjon til klagevurdering - gbnr 234/45 Eide ytre

Tiltak: VA-anlegg
Byggjestad: Gbnr: 234/45
Tiltakshavar: Morten Arve Kolås
Ansvarleg søkjar: Stusdal VVS AS


Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen si føresegn 1.1 og det generelle byggjeforbodet i strandsona i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8, for etablering av avløpsanlegg for eksisterande fritidsbustad på gbnr 234/45. Dispensasjonssøknaden er knytt til søknad om utsleppsløve der utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar og førast i tett ledning til sjø.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggjeområde for fritidsbustadar. Tiltaket ligg innan for 100-metersbeltet langs sjø, jf. pbl § 1-8.


Arealet i sjø er avsett til område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner. Etablering av avløpsledning i sjø er i samsvar med føremålet, jf. føresegn 6.2.

Situasjonskart



Utsnitt frå kommuneplanen





Administrativ handsaming

Saka vart handsama i administrativt vedtak saknr 498/19 datert 06.09.2019, der følgjande vedtak vart fatta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankravet i føresegn 1.1 i kommuneplanen og plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av avløpsanlegg for gbnr 234/45 slik det er søkt om.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar [sett inn] på e-post [sett inn] eller på telefon [sett inn].

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon frå plankrav og pbl § 1-8 for etablering av avløpsanlegg - gbnr 234/45 Eide ytre
Dispensasjonskriv
Siste reviderte situasjonsplan
Bilder

Kopi til:

Morten Arve Kolås
Stusdal VVS AS

Kolåsvegen 134 5955
Apalen 17 5915

LINDÅS
HJELMÅS

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2 6863

LEIKANGER